



Uskedelinger på laget: Gøril S. Eik, Anita Simensen, Reidun Musland, Anette Sandnes og Ingebjørg Haugland.

Rosendal sitt damelag har hatt ein knallopning av sesongen med 7-2 over Minde og 3-0 over Tertnes. Neste kamp går mot Varegg/Sandviken 3 søndag. Det er eit stort innslag av uskedelinger på laget som nå ligg på tredjeplassen

Mot Tertnes var uskedelingen Anette Sandnes målscorar saman med den stadig like suverene Hildegunn Guddal, som sette inn 2 mål.

Tertnes var favoritt etter 10-0 i målskilnad på dei 2 første kampane, men trass i godt spel makta dei ikkje å omsetja det i mål. Rosendal stod fram som eit godt organisert lag med eit solid forsvar og dei utnytta relativt få sjansar godt..

Denne gongen var Anette Sandnes, Anita Simensen, Gøril S. Eik, Reidun Musland, Ingebjørg Haugland og Hege Lekva frå Uskedalen på laget, dei to siste som innbyttarar.